

# Øysteinnatten



Lifjell har eit variert og mangfaldig landskap med høge nutar, djupe dalar med vatn og ville elvegjel. Fjelltoppane har oftast ein avrunda form, men kan og vere tindeforma med bratte stup. Mellom toppane finn vi eit rolegare landskap. Øysteinnatten (1174 moh.) er eit kjent landemerke og kjært turmål for mange fjellvandrarar.

## Turen

Stien frå parkeringsplassen ved Jønnbu til Øysteinnatten er godt merkt og lett å følgje innover fjellet. Vi går først opp Krintokleiva og deretter til Glekse og opp Tunglijuvet. Etter oppstiginga passar det godt med ein rast ved Skåråfjellholmen. Derifrå går turen i kupert høfjellsterreng fram mot toppen.

Tilbaketuren byr på fleire alternativ. Det lettaste er å gå same vegen tilbake, men ein kan og gå vestover mot Skardtjønn og velje stien om Storsteintjønn og Gleksefjell med flott utsikt over Bødalen. Eit alternativ er å gå heilt fram til Skardtjønn og derifrå ned Oksledalen. Det var i Oksledalen Nils Folkestad møtte hundra ei fin sumarnatt i 1949.

*Alle rutene er godt merkte av Bø Turlag som har teke over merkeansvaret for denne delen av fjellet.*

## Geologi

Lifjell er ein del av det sørnorske grunnfjellsområdet. Den dominerande bergarten er kvartsitt som er ein omdanna, hard og næringsfattig kvartssandstein. Sandsteinen blei avsett som sand og grus i eit urtidshav for ufattelege 1500 millionar år sidan. I tida etter blei sandmassene kitta saman og forsteina og deretter utsett for jordskorpefoldingar og sprekkdanningar. Men bølgeslagsmerka frå urtidshavet er framleis synlege i den skifrige sandsteinen og kan finnast over heile Lifjell.

## Flora

Som ei følgje av den næringsfattige bergarten er vegetasjonen på Lifjell karrig og artsfattig. Floraen er likevel



*Mot Storsteintjønn og Øysteinnatten. Foto: Arne Hjeltnes*



*Vestover frå Øysteinnatten. Foto: Arne Hjeltnes*

interessant fordi Lifjell er ein møtestad for plantar med ulike utbreiingsmønster. Både vestlege og austlege artar møtest her. Eit eksempel er søterot som er ein typisk mellom-europeisk art, som i Noreg har ei yttergrense for austleg utbreiing på Lifjell. Om forsommaren kan dei skrinne fjellrabbane vere dekt med greplyng i vakker blomstring.

## Stulsdrift, beite og landskap

Tidlegare tiders stulsdrift har sett sitt preg på vegetasjon og landskap. I vår tid er fjellskogen på frammarsj og tek tilbake dei areala den tidlegare måtte gje frå seg til stulsfolk og beitedyr. Dei siste åra har den fått god hjelp av klimagassar og menneskeskapt temperaturauke. Dersom vi får ein temperaturauke på over 2 grader, reknar forskarane med at heile fjellet vil bli skogkledd i dette hundreåret.

## Namn i fjellet

Med avtakande bruk av fjellet har mange namn gått i gløymeboka. Andre namn har endra seg; Bøkstulnatten heitte på eldre kart Jønnbunut, Øysteinnatten heitte Hesteskarnuten og Storsteintjønn heitte Hestekartjønn, men kvar Hesteskaret låg kan vi berre gjette på i dag.

## Fiske

Bø fiskelag har lagt ned eit stort arbeid med å kalke og kultivere fiskevatna på Lifjell. I 1960- og 70-åra var fisken borte på grunn av sur nedbør på kalkfattig grunn. I dag er det fisk i dei fleste vatna. Både Skåråfjellholmen, Storsteintjønn, Sandtjønn og fleire mindre vatn har gode aurebestandar.

**Turlengd:** Tur-retur Øysteinnatten ca. 10 km. Gåtid 3-4 timar. Ein bør rekne 4-6 timars gåtid på rundturen om Oksledalen.

**Høgdeforskjell:** 425 meter.

**Vanskegrad:** Middels til tung tur i kupert fjellterreng. Bratt strekning opp Krintokleiva, Tunglijuvet og den siste oppstiginga til Øysteinnatten.

**Veret** i fjellet kan skifte fort, hugs gode klede, godt fottøy, kart og kompass